

K-POSTEN

ÅRGANG 18, NUMMER 3

Juni 2015

Ein stor, ein mindre eller ein liten kommune?

Fredag 15. mai i år skreiv ni kommunar under ein intensjonsavtale om å slå seg saman til den nye storkommunen Firda, med hovudsete i Førde.

Arbeidet med kommunereforma har gått fort. Mange meiner for fort, og derfor vil eg her forsøke å forklare kva som har skjedd og vil skje framover i denne saka.

Mitt hovudfokus er det beste for innbygarane i Naustdal i dag og i framtida, og ingenting blir bestemt før alle fakta ligg på bordet.

Les meir side 2



Neste fase av Engebøprosjektet

“Du er så irriterande sikker på at Engebøprosjektet er positivt for Naustdal”, sa ein motstandar av prosjektet til meg ein dag. Ja, eg er overtydd om at prosjektet vil bety veldig mykje for Naustdal og heile regionen i framtida.

Her skal eg forklare kvifor.

Etter at Regjeringa sa ja til gruvedrift på Engebø har det vore omfattande medieomtale av prosjektet. Engasjementet er stort og kjenslene sterke.

Eg vil forsøke å gi innbygarane i Naustdal ei sakleg grunngeving for mitt positive standpunkt i denne saka, basert på dei vedtaka som er gjort av Regjeringa. Så kan kvar enkelt innbyggjar gjere seg opp si eiga meining.

Tilhengar av prosjektet har eg vore i mange år, og i løpet av dessa åra har eg vorte meir og meir overtydd om at gruvedrift på Engebø vil bety veldig mykje for Naustdal, og at miljøkonsekvensane er grundig vurderte av dei mest kompetente fagfolka i landet.

Les meir side: 4

Ein stor, ein mindre eller ein liten kommune?

Fredag 15. mai i år skreiv ni kommunar under ein intensjonsavtale om å slå seg saman til den nye storkommunen Firda, med hovudsete i Førde.

Arbeidet med kommunereforma har gått fort. Mange meiner for fort, og derfor vil eg her forsøke å forklare kva som har skjedd og vil skje framover i denne saka.

Mitt hovudfokus er det beste for innbyggerane i Naustdal i dag og i framtida, og ingenting blir bestemt før alle fakta ligg på bordet.

Fleire ulike alternativ

Eigentleg signerte vi og dei andre involverte kommunane på tre intensjonsavtaler om samanslåing frå 1. januar 2020:

1. Kommunesamanslåing mellom Askvoll, Fjaler, Flora, Førde, Gaular, Gloppen, Hyllestad, Jølster og Naustdal.
2. Kommunesamanslåing mellom Flora, Førde, Gaular, Jølster og Naustdal
3. Kommunesamanslåing mellom Førde, Gaular, Jølster og Naustdal

Føremålet med kommunereforma er vedteke av Stortinget. Dei har vektlagt desse momenta:

- Gode og likeverdige tenester til innbyggerane
- Heilskaplege og samordna samfunnsutvikling
- Bærekraftige og robuste kommunar
- Styrka lokaldemokrati

Vi har lokalt i vårt arbeid med kommunereforma sett opp tre ulike mål med ei eventuell samanslåing:

- Sikre gode tenester med høg kvalitet for innbyggerane.
- Utvikle eit nytt, sterkt vekstområde mellom Bergen og Ålesund (NB - dette

punktet gjeld ikkje for alternativ 3 med Førde, Gaular, Jølster og Naustdal)

- Vere drivkraft og fylkessenter for Sogn og Fjordane

I tillegg er vi lokalt også samde om å ha kostnadseffektive tenester ut frå tilgjengelege økonomiske ressursar. Dvs:

- Ha større førstelinetenester som skular, sjukeheimar, helse, barnehagar og kulturtilbod der dei er no
- Vere ein aktiv samfunns- og næringsutviklar og etablere møteplassar, partnerskap og samhandling
- Vere ein utviklande og attraktiv arbeidsplass
- Rekruttere dyktige medarbeidarar inn i ein samla kompetanseorganisasjon

Kva betyr ein intensjonsavtale?

Eg meiner prosessen lokalt har vore god, og det vart stadfesta med signeringa av intensjonsavtalane. Men det betyr ikkje at vi er samde om alt, og at det nødvendigvis blir ei kommunesamanslåing.

Signeringa av intensjonsavtalane betyr at vi no skal bruke tida framover til å finne ut kva som er best for innbyggerane i dei ulike kommunane.

Er det best å gå inn i ein kommune med Florø og Førde? Eller berre Førde, Jølster og Gaular? Eller er det best å vere i ein kystkommune? Eller skal vi halde fram som eigen kommune?

Mange ulike alternativ. Mange spørsmål vi må finne svara på. Eg har ikkje bestemt meg, og det gjere eg ikkje før eg veit kva som er det beste alternativet for innbyggerane i Naustdal i framtida.



Ein ny kystkommune?

Naustdal sin posisjon er midt mellom dei to "store" kommunane, Florø og Førde. Sentralt i Sunnfjord med andre ord. Vi kan sjå begge vegar, og det har vi også gjort. I tillegg til arbeidet med dei ulike alternativa i Indre Sunnfjord, Sogn og Nordfjord har vi også delteke i ein prosess med Florø om ein eventuell ny framtidig kystkommune.

Mi haldning er at eg avventar med å ta stilling til kva som er det beste for Naustdal fram til vi har alle fakta på bordet. Går ikkje det største alternativet får vi sjå på dei andre. Men eg vil ha alle fakta slik at vi kan vurdere konsekvensane av dei vala vi til slutt gjere.

Eg vil også understreke at vi må ha svar på kva det betyr for Naustdal å halde fram som eigen kommune i framtida. Kva slags konsekvensar får det for inntektene våre? Dette alternativet er berre aktuelt dersom Førde og Flora ikkje går saman i ein ny kommune. Å bygge ein ny "skywalk" over Naustdal er ikkje realistisk.

Naustdal sentrum må leve vidare uansett. Eit viktig moment for Naustdal i den vidare prosessen er å få svar på kva det betyr at kommunesenteret i ein ny stor kommune vil ligge i Førde. Førde er den største kommunen og det er naturleg at dei får kommunesenteret. Men kva med Naustdal sentrum?

Eg er oppteken av at det framleis skal vere lys og aktivitet i kommunehuset i Naustdal, sjølv om vi blir med i ein storkommune.

I intensjonsavtalen står det;

"Også for dei andre kommunane som går inn i ein ny kommune skal målet vere at kommunesentra skal stimulerast gjennom å vere lokale knutepunkt ved bruk av servicetorg, desentraliserte rådhusfunksjonar og plassering av

publikumsretta tenester som det er naturleg ligg desentralt. Den nye kommunen skal arbeide aktivt for å få ei god spreing av kommunale arbeidsplassar og funksjonar i heile kommunen".

Kva skjer etter 20 år?

Eit anna uklart spørsmål er kva som skjer med inntektene til ein storkommune etter 15 år. Vi vil ikkje tape overføringane dei første 15 åra, og det vil seie at vi får dei same inntektene i 15 år, delvis trappa ned og etter 20 år er alle tilleggga vekke. Kva skjer då med økonomien vår?

Vi veit at vi får eit nytt inntektssystem for kommunane frå 2017. Med dagens inntektssystem ville ei kommune samansett av Jølster, Gaular, Førde og Naustdal tape nesten 60 millionar kroner i årlige overføringar etter 15 + 5 år.

Dette og meir må vi vite meir om før vi kan uttale oss skråsikkert og ta ei god avgjerd for framtida til kommunen vår.

Arbeidet med ny kommunereform vil framleis gå fort. Ambisjonane er å ha på plass eit vedtak lokalt før sommaren 2016 for ei eventuell samanslåing 1. januar 2020. Derfor er det viktig med ein open og god prosess vidare som gir oss dei svara vi treng for å ta den rette avgjerdsla.

Om forholdet til Førde kommune

Heilt til slutt vil eg skrive litt om det som har vore omtalt i media i det siste, tilhøvet mellom Naustdal kommune og Førde kommune i kjølvatnet av Engebøsaka.

Varaordførar Harald Kvame har gitt uttrykk for at han er skeptisk til å samarbeide med politikarane i Førde etter at formannskapet der anka det positive vedtaket på Engebø inn for ESA.

Eg forstår godt kritikken til Harald Kvame. Det minste vi kan forvente er at politikarane i ein

nabokommune sett seg skikkeleg inn i ei sak før dei ankar eit vedtak til ESA. Statssekretær Jardar Jensen i Kommunal- og moderniseringsdepartementet sa det slik under Kommunekonferansen i Førde no i mai:

“Rausheit er eit nøkkelord når kommunane no vurderer kven dei skal slå seg i hop med.”

**Helsing
Håkon Myrvang
Ordførar**



Neste fase av Engebøprosjektet

“Du er så irriterande sikker på at Engebøprosjektet er positivt for Naustdal”, sa ein motstandar av prosjektet til meg ein dag.

Ja, eg er overtydd om at prosjektet vil bety veldig mykje for Naustdal og heile regionen i framtida.

Her skal eg forklare kvifor.

Etter at Regjeringa sa ja til gruvedrift på Engebø har det vore omfattande medieomtale av prosjektet. Engasjementet er stort og kjenslene sterke.

Eg vil forsøke å gi innbyggjarane i Naustdal ei sakleg grunngeving for mitt positive standpunkt i denne saka, basert på dei vedtaka som er gjort av Regjeringa. Så kan kvar enkelt innbyggjar gjere seg opp si eiga meining.

Tilhengar av prosjektet har eg vore i mange år, og i løpet av dessa åra har eg vorte meir og meir overtydd om at gruvedrift på Engebø vil bety veldig mykje for Naustdal, og at miljøkonsekvensane er grundig vurderte av dei mest kompetente fagfolka i landet.

Om Miljødirektoratet

“Miljødirektoratet er kritiske til prosjektet”, høyrer eg framleis det blir sagt. Fakta er at Miljødirektoratet 17. april 2015, skreiv:

“Etter en samlet vurdering av fordeler og ulemper i tråd med forurensningsloven, var Miljødirektoratets anbefaling at det kan gis tillatelse til Nordic Minings planlagte gruvedrift i Engebøfjellet med strenge vilkår.”

Påstandar om at Miljødirektoratet er overkøyrt av departementet i denne saka har direktør Ellen Hambro avvist i fleire avisoppslag og eigne lesarinnlegg. Ho står fast på at dei har teke ei sjølvstendig og grundig vurdering av heile prosjektet, og til slutt tilrådd å gi løyve til Nordic Mining.

Regjeringa sine svar på ulike kritiske spørsmål Behandlinga av Engebøsaka har teke lang tid. Regjeringa har aktivt forklart kvifor dei sa ja, og kva som er vurderinga bak mange sentrale spørsmål frå motstandarane av gruvedrift.

Her er heile pressemeldinga Regjeringa sendte ut etter at vedtaket var fatta:



Regjeringa skriv:

“Dette er ei sak der ulike omsyn må balanserast mot kvarandre. Regjeringa ønsker ei mineralnæring i Norge, men det er stilt strenge miljøkrav. Konsekvensane for naturen er grundig utgreidde. I dette tilfellet er miljøkonsekvensane avgrensa og miljøkrava så strenge at vi kan gi løyve til gruvedrift. Miljødirektoratet har tilrådd å gi utsleppsløyve.”

Her er svara på dei mest sentrale spørsmåla:

Er vedtaket i strid med vassføreskriften som gjennomfører EU’s vassdirektiv?

Svar: Nei. Forholdet til vassføreskriften er grundig vurdert. Klima- og miljødepartementet meiner vedtaket ikkje er strid med vassføreskriften og viser til pkt 4.6.7 i vedtaket.

Er vedtaket i strid med naturmangfaldlova § 5?

Svar: Forholdet til naturmangfaldlova § 5 er grundig vurdert. Departementet meiner det er lite truleg for at deponeringa vil føre til at forvaltingsmålet i naturmangfaldlova ikkje blir oppnådde for artane blålange, pigghå, ål og kysttorsk, jf. pkt 7 i vedtaket.

Vil det bli sleppt ut miljøgift i fjorden frå gruvedrifta?

Svar: Nei. Det er ikkje gitt løyve til å bruke miljøgift, jf. pkt 4.6.4 i vedtaket.

Vil giftige partiklar spreie seg i fjorden?

Svar: Det er låg risiko for at partiklane spreie seg utanfor deponiområdet. Partiklane inneheld heller ikkje miljøgift, jf. pkt 4.6.1 i vedtaket.

Vil fjorden bli fylt av tungmetall?

Svar: Lekking av tungmetall frå restmassane vil vere ubetydelege sidan konsentrasjonen av tungmetall i massane er låge. Konsentrasjonen av tungmetall i restmassane vil vere omlag dei same som i dei naturlege sedimenta i Førdefjorden.

Vil alt livet på fjordbotnen døy?

Svar: Det meste av livet på botn av Førdefjorden kjem ikkje til å bli påverka av gruvedrifta. Det er det som held til på botn i sjølvdeponiområdet (ca. 3 km²) som vil gå tapt i dei åra deponering pågår. Når deponeringa er over vil det bli danna nytt liv på botn i deponiområdet innan 10 år.

Har krava i utsleppsløyvet ikkje noko å seie? Dersom selskapet bryt krava, kan dei berre halde fram som før?

Svar: Selskapet er forplikta til å følge dei strenge krava. Dersom selskapet bryt krava i utsleppsløyvet, vil bestemmelsane i forureiningslova om reaksjonar og sanksjonar gjelde. Det vil til dømes kunne bety at dei må stanse drifta til dei er i tråd med vilkåra i løyvet.

Er landdeponi betre enn sjødeponi?

Svar: Det er ikkje mogeleg å seie noko generelt om dette. Både deponi i sjø og på land har miljøkonsekvensar. Dette må vurderast konkret i den enkelte sak. I Engebøfjellet er det vurdert fleire alternativ til sjødeponi, men ingen av alternativa på land blir vurdert å vere miljømessig betre enn sjødeponi.

Er det uvanleg å bruke sjødeponi?

Svar: I dag er det sjødeponi ved sju bergverk/gruver i Norge. Desse er underlagt miljøkrav, men krava til gruvedrift i Engebøfjellet er dei strengaste som er gitt. Det er få land som har deponi til havs og i fjordar, men det er også få land som har den same topografien som i Norge.

Vart Miljødirektoratet overkøyrt i denne saka?

Svar: Miljødirektoratet har tilrådd Klima- og miljødepartementet å gi utsleppsløyve til Nordic Mining ASA. Departementet har lagt direktoratets faglege vurderingar til grunn i vårt utsleppsløyve.

Vart Miljødirektoratet pressa til å ta ei ny vurdering av saka, der dei også tok omsyn til arbeidsplassane?

Svar: Miljødirektoratet vart i brev av 15. oktober og 15. desember 2014 bedne om å gi ei tilråding til departementet om og på kva slags vilkår dei eventuelt burde gi eit eventuelt utsleppsløyve etter forureiningslova. I tråd med forureiningslova har direktoratet i si tilråding gjort ei avveing av miljøulempene sett i forhold

til samfunnsmessige fordelar av tiltaket og tilrådd at departementet gir løyve til selskapet.

Miljødirektoratet tar ikkje omsyn til miljøet. Ser dei vekk frå rolla si?

Svar: Miljødirektoratets rolle som forureiningsmyndigheit har heilt sidan forureiningslova kom i 1981 vore å gjere ei heilskapleg vurdering av fordelar og ulemper ved søknader om utsleppsløyve etter forureiningslova. I denne saka er miljøkonsekvensane vurderte å vere avgrensa og og det blir gitt strenge vilkår.

Blir fiskearter som blålange og pigghå utrydda?

Svar: Det er først og fremst overfiske som gjere at desse fiskeartane er truga, og det viktigaste tiltaket for artane er avgrensingar i fiskeriet innført av Fiskeridirektoratet. Blålange og pigghå finst langs kysten og har utbreiing over heile Nordaust-Atlanteren og det er lite truleg at deponeringa får negative effektar for om desse artane overleve.

Kvifor har det vore så mykje hemmelegald i denne saka?

Svar: Fire dokument knytt til behandlinga av reguleringsplan og utsleppsløyve vart unnatake offentlegheit (offentleglova § 15 første ledd) i ei slutfase av behandlinga, for å sikre ei forsvarleg avgjerdsprosess. Desse dokumenta er no offentlege.

Gode svar på fleire spørsmål

Eg meiner Regjeringa, basert på faglege råd, gir gode svar på dei fleste spørsmåla om prosjektet. Derfor er eg overtydd om at alle miljømessige konsekvensar er vurderte, og at utsløppsløytet betyr at drifta i gruva umiddelbart vil bli stoppa dersom krava ikkje blir følgde.

Det vil også bli etablert eit

miljøovervåkingsprogram som betyr at Førdefjorden blir mellom dei mest overvaka fjordane i Norge, kanskje i heile verda. Dette bør også oppdrettsnæringa snart merke seg.

Norge er den nest største eksportøren av sjømat i verda. Dei siste åra har forbrukarane og andre sett fokus på om sjømaten er trygg og sunn. Medisinbruk, antibiotikarester, avlusing og andre spørsmål har fått mykje mediemerksemd. Også prosjektet i Engebø er det naturleg nok stilt spørsmål ved i denne samanhengen. Derfor skriv nærings- og fiskeridepartementet i si tilråding:

“Risiko forbundet med konsum av sjømat fra områder med sjødeponi kan medføre problemer for eksporten av norsk sjømat som sådan. Selv om dokumentasjonen er god, kan feilaktige oppfatninger bli hengende ved næringen og påvirke omdømmet. Den eneste måte å møte slike utfordringer er gjennom faktakunnskap, dokumentasjon og kontinuerlig overvåking av om sjømaten er trygg”.

Om villaksen

I omtalen av prosjektet er det mange som har uttalt seg om konsekvensane for villaksen. Klima og miljødepartementet skriv i si tilråding:

“Deponiområdet (Førdefjorden ytre) ligger imidlertid utenfor den delen av fjorden som er nasjonal laksefjord (Førdefjorden midtre).”

“Klima- og forurensingsdirektoratet viser i sin uttalelse av 19. mars 2012 til at sannsynligheten for at det kan oppstå partikkelkonsentrasjoner med negativ betydning for laksen vurderes som liten.”

Eit miljøprosjekt

Kritikarane av Engebøprosjektet er opptekne av miljøet. Ei side av dette som har fått liten merksemd er det faktum at mineralindustri også har positive miljørider. Norge er avhengige av store mengder mineralske ressursar i form av råmateriale til industrien. Dvs oljeproduksjon, skipsbygging, husbygging, samferdsle og ferdigprodukt som bilar, kvitevarer og forbrukselektronikk. NTNU-professorane Rolf Arne Kleiv og Sunniva Haugen skriv i ein kronikk i Dagens næringsliv:

“I dag tas mesteparten av miljøkostnadene ved dette forbruket utenfor Norge, ikke sjelden ved bruk av lite miljøvennlige produksjonsprosesser i land der miljøvern, arbeidsmiljø og menneskerettigheter står svakt. Burde vi ikke ta en større del av ansvaret selv?”

Jo, meiner eg.

Norge har store mineralressursar som ikkje er utnytta i dag, og som kan bety mykje i framtida. Gjort på rette måten kan mineralnæringa bli den nye oljeindustrien på land. For Naustdal kommune betyr det fleire varige arbeidsplassar ingen kan flytte til Oslo gjennom eit sentraliseringsvedtak. Gruva ligg på Engebø. Arbeidsplassane ligg i Naustdal og dei tilsette kan busette seg her eller i ein nabokommune.

Også Klima- og miljødepartementet har vektlagt den samfunnsmessige konsekvensen av prosjektet:

“Forekomsten består av en malmressurs som er estimert til 250 millioner tonn utvinnbar eklogittmalm med et innhold på ca 10 millioner tonn rutil.”

“Med planlagt produksjonsnivå vil gruvedriften stå for rutilmengder tilsvarende 20 prosent av verdens totale produksjon”.

“Etter en helhetlig vurdering mener departementet at planen bør kunne vedtas og at innsigelsen ikke tas til følge”.

Ingen ny næring

Det blir skapt eit inntrykk av at Norge ikkje har hatt gruvedrift og sjødeponi. Det er ikkje korrekt. Fleire stader i landet har vi i dag gruvedrift og lange erfaringar med sjødeponi og landdeponi. Dei to nemnte professorane i mineralteknikk og gruvedrift, slår fast:

“På sitt beste vil et sjødeponi representere en trygg og stabil plassering av overskuddsmassene i et kjemisk miljø som gir minimal forvitring og utlekking av tungmetaller”.

NTNU i Trondheim har lenge forska på bruk av mineralavfall, altså avgangsmasser, til ulike føremål. Dei og andre faginstusjonar er opptekne av å finne alternativ bruk av avgangsmassane. Dette arbeidet vil halde fram, og Nordic Mining opplyste på eit møte vi hadde i Naustdal nyleg at dei har vorte kontakta av fleire som ønsker å bruke avgangsmassane.

Uansett er konklusjonen til Miljødirektoratet at deponering i sjø er ansvarleg og god miljøpolitikk.

Gevinstar av prosjektet

Også gevinstante av gruveprosjektet er det stilt mange spørsmål ved. SINTEF har laga ein grundig rapport som slår fast kva slags gevinstar Naustdal og andre kommunar i regionen vil ha av gruveprosjektet.

Talet arbeidsplassar vil ligge mellom 170 og 350. Erfaringar frå andre stader viser at kring 80 - 90 prosent av arbeidarane i tilsvarande gruver bur i den kommunen gruva er etablert.

Vi håper det same skal skje i Naustdal på sikt, og vi trur på positive økonomiske ringverknader, ikkje minst for næringslivet. Fleire attraktive arbeidsplassar, større aktivitet og auka inntekter til kommunen.

Det vil truleg gå kring fire år før det er gruvedrift på Engebø. Allereie no veit vi ein god del om kven som kjem til å jobbe i selskapet.

- Administrasjon
- Gruvestab
- Oppredning
- Vedlikehald
- Elektro
- Laboratoriet
- Operativ drift

Det betyr at selskapet vil ha tak i tilsette med ulike bakgrunn. Ingeniørar, arbeidarar med ulike fagbrev, maskinoperatørar og andre. Høgt utdanna personell.

Utbetra veg langs fjorden

Ein positiv effekt av gruveprosjektet er også utbetringa av vegen langs fjorden. Det er forhandla fram ein avtale som sikrar utbetring av ein veg som vil ha ein positiv samfunnseffekt, og det har ikkje mange andre vegstrekningar i Sogn og Fjordane.

Vi veit også at det ligg ein avtale på bordet som betyr at vi får midlar til næringsutvikling i Naustdal i framtida. Det skal vi utnytte på ein god måte, og eg er oppteken av at lokale aktørar får ein sentral plass i prosjektet slik at vi sikrar lokal verdiskaping.

Tilsvarande prosjekt andre stader i landet har vist at dette er særdeles viktig, og eit døme på dette finn vi i Sløvåg i Gulen. Kanskje den einaste plassen mellom Bergen og Ålesund som har fått eit nytt hotel dei siste fem åra. Eit teikn på positiv utvikling.

**Helsing
Håkon Myrvang
Ordfører**